



## **AKKS Bergen**

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

# **Tilbud vedrørende anskaffing av produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016 og 2017**

**01.09.2015**

### **Oppdragsgjevar**

Hordaland Fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, seksjon for kunst- og kulturformidling  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **Leverandør**

AKKS Bergen  
Georgernes Verft 12  
5011 Bergen

Organisasjonsnummer: 977 530 938

### **Kontaktperson**

Daglig leder: Line Yvonne Eidheim  
E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)  
Tlf: 55 55 75 55



## AKKS Bergen

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

### Vedrørende anskaffing av produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016 og 2017

---

Vi vil med dette gje eit tilbod til Hordaland Fylkeskommune i forbindelse med anskaffing av produsent for UKM-festivalen i Hordaland 2016 og 2017. Vi vil samstundes takke for førespurnaden og at de har tillitt til AKKS Bergen som ein sentral aktør innan det organiserte, frivillige kulturfeltet.

AKKS Bergen har sidan stiftinga i 1995 fungert som ein av dei viktigaste rekrutteringsinstansane for unge til det rytmiske musikklivet gjennom musikkopplæring, utleige av øvingslokalar og moglegheiten til utøvande aktivitet. I tillegg har AKKS Bergen dei siste åra hatt fokus på å rekruttere unge til andre sider ved kulturbransjen. Gjennom oppstarten av arrangørgruppa UFLAKKS, samt Eggstockfestivalen som har eksistert sidan 60-tallet, har AKKS Bergen eit stort fokus på rekruttering og opplæring innan arrangørfeltet. Dette har tilføyd organisasjonen enda større breidde knytt til å rekruttere unge til å interessere- og involvere seg innan det mangfoldige kulturlivet. Gjennom vårt arbeid bidrar AKKS Bergen til fokuset på likestilling, både lokalt og nasjonalt, med vårt formål om å rekruttere, motivere og synleggjere unge, særleg jenter, i musikkbransjen. Vi arbeidar stadig med å bli ein enda bedre aktør innan det organiserte frivillige kulturfeltet og har gjennom vårt virke opparbeidd oss ei unik kompetanse på arrangør- og ungdomsfeltet.

Det er ein stor fordel at Fylkeskommunen er tidlig ute for å knytta til seg ein produsent for 2016 og 2017. Dette vil gje eit enda bedre rammeverk for samarbeidet innanfor ein lengre arbeidsperiode. UKM har i løpet av sine 30 år utvikla seg til å bli ei viktig offentleg satsing på barne- og ungdomskultur og ein sentral visningsarena for ung kultur. AKKS Bergen var våren 2015 engasjert som teknisk arrangør for UKM Hordaland Fylkesmønstringa på USF Verftet. Samarbeidet med Hordaland Fylkeskommune i denne perioden var eit godt samarbeid med god kommunikasjon, gjensidig tillit og respekt. Det var ein intens arbeidsperiode, men AKKS Bergen kom positivt styrka ut av samarbeidet. Styret og administrasjon er svært positive til eit fortsatt samarbeid og vi er mange erfaringar rikare, noko vi tar med oss vidare i ei eventuell gjentakning. Samarbeidet våren 2015 vil legge grunnlaget for vidareføringar og ikkje minst forbetringar for arrangementet. Ein del "nybegynnarfeil" kan unngås og det er svært motiverande å tenke på AKKS Bergen som produsent for UKM-festivalen dei 2 komande åra. Eit samarbeid med Hordaland Fylkeskommune som produsent for UKM-festivalen vil i tillegg komme våre eigen aktivitet tilgode og er i tråd med vårt formål, våre visjonar og strategiar for vidare utvikling av organisasjonen. AKKS Bergen sitt styre og administrasjon arbeidar stadig med prosjekt og nye idear som kan bidra til å utvikle organisasjonen og befeste posisjonen vår som ein leiande aktør for ung kultur. Vi ønsker å være ein aktiv organisasjon som er levande tilstades i Bergen. Ved å få ta del i arbeidet knytt til UKM-festivalen vil organisasjonen få ein einestående moglegheit til å utvikle organisasjonen, både med tanke på kompetanse, nettverk- og synleggjering. Gjennom arbeidet med UKM vil organisasjonen i tillegg få jobba aktivt med målgruppa for AKKS, der ung kultur møtast. Arbeidet vil skille seg frå vår daglige drift på mange måtar, men samstundes er det fleire likheitstrekk knytt til arbeidet vi gjer og kompetansen vi har innad i organisasjonen.



## AKKS Bergen

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

### Kort om AKKS Bergen

---

AKKS Bergen er ein idealistisk musikkorganisasjon med base på USF Verftet. Vi er ein del av ein nasjonal organisasjon med fem avdelingar i Norge. I Bergen tilbyr vi fem øvingslokalar med full backline og mange kurs innan rytmisk musikk. AKKS Bergen arrangerar også konsertar for unge band, i tillegg til den tradisjonsrike Eggstockfestivalen for ungdom, samt fleire arrangement som konsertar, workshops og liknande. Vi har også ei eiga arrangørgruppe, UFLAKKS, som er i regi av og for ungdom. Primærmålgruppa til AKKS Bergen er jenter mellom 16 og 25 år, men tilbuda våre er åpne for alle og brukarane av tilbuda er hovudsakleg i alderen frå 11 år til 55 år. AKKS Bergen har i løpet av sitt mangeårige virke vokst seg til å bli den største av fem avdelingar i Norge og mottok i 2007 Likestillingsprisen av Bergen Kommune. I 2014 hadde AKKS Bergen 718 medlemma i alderen 6 – 73 år frå Bergen og omegn, derav var 462 av desse under 26 år. AKKS sin grunnidé er å rekruttere, motivere og synleggjere unge i alle ledd av musikkbransjen. Hausten 2015 har AKKS Bergen 20-års jubileum og har i 20 år arbeidd for å rekruttere unge til musikklivet. AKKS Bergen har i 20 år arbeidd for kjønnsbalanse i alle ledd av musikkbransjen. Vi har i 20 år arbeidd for å rekruttere unge til musikklivet og har i løpet av desse åra vore ein sentral tilbydar av kurs og opplæring innan rytmisk musikk. AKKS Bergen har utvikla seg til å bli ein viktig aktør innan kulturfeltet og har vokst seg til å bli den største av fem avdelingar i Norge. Dette viser at arbeidet vi gjer er aktuelt og at vi har klart å utvikle organisasjonen i takt med åra som har gått.

### Administrasjon

AKKS Bergen har per i dag 2,6 årsverk. Organisasjonen administrerast av daglig leder i 100 % stilling, kurs- og øvingslokaleansvarlig i 100 % stilling, arrangementsansvarlig i 30 % stilling, samt festivalsjef for Eggstockfestivalen i 30 % stilling. Organisasjonen leiast av eit frivillig styre som har arbeidgivaransvaret for administrasjonen og som har det øverste økonomiske- og juridiske ansvaret for organisasjonen.

### Kurs

AKKS Bergen tilbyr ei unik opplæring innan rytmisk musikk. Den ordinære musikkopplæringa vår består av grunn- og vidarekommen kurs i vokal, elgitar, akustisk gitar, bass og trommer. Vi har også bandkurs der ein lærer å spele som eit band ved hjelp av veiledning frå ein musikar. Vi har i tillegg inkludert DJ-kurs som eit fast kurstilbod etter ei suksessfull prøveordning i 2013.

### Øvingslokale

AKKS Bergen administrerar fem øvingslokaler på USF Verftet. Øvingslokala er allment tilgjengelige og benyttast av alle typar musikara innan ulike sjangre frå store delar av Hordaland.

### Øvrige arrangement

To gongar kvart semester arrangerar vi konsertserien Lyden fra Øvingslokalet på Garage. Arrangementet er åpent for alle, men band som øver i AKKS Bergen sine øvingslokale blir prioritert. Desse konsertane fungerer som eit treffpunkt mellom uetablerte og profesjonelle aktørar og gir både innsikt og inspirasjon til unge artistar og band. Ein gong i semesteret





## AKKS Bergen

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

arrangerer vi Bandkurskonserten som er den avsluttande konserten for bandkurset. Samme kveld åpner vi for Åpen Scene, eit uformelt fora, der kurselevar og andre som er tilknytt oss får sjansen til å spele på Garage. Vi arrangerer også Rockebingo ein gong i måneden i samarbeid med Apollon Platebar, der kjente bingovertar frå musikkmiljøet snurrar bingohjulet og deltakerne kan vinne premier frå ulike kulturaktørar i Bergen.

### Eggstockfestivalen

Eggstockfestivalen er eit springbrett for unge talent i Hordaland og det er plass til 24 band. Her er det "førstemann til mølla"-prinsippet som gjeld. Artistar som Sondre Lerche, Hvitmalt Gjerde, Major Parkinson, Fröder, Thea Hjelmeland, Tarjei Strøm, Razika, Silja Sol og Matias Tellez har alle opptrådt på Eggstockfestivalen tidleg i karriera. Festivalen arrangerast som ein konkurranse med to innleiande dagar og ein finaledag bestående av 10 band. Banda kan vinne flotte premiar som gis av samarbeidspartnarar i det lokale næringslivet. Vinnaren blir kåra av ein jury bestående av høgtstående personar frå musikkbransjen.

### UFLAKKS

I 2014 starta AKKS Bergen opp konsertserien og ungdomsarrangørgruppa UFLAKKS. Gruppa består av unge som ønske å lære meir om arrangørfeltet og det er eit stort fokus på at ungdomane skal være sjølvstendige gjennom praktisk- og teoretisk veiledning og oppfølging frå arrangementsansvarlig i AKKS Bergen. I 2014 arrangerte dei seks rusfrie konsertar med fri aldersgrense og hittil i 2015 har dei arrangert tre konsertar. Gjennom UFLAKKS har vi tilknytt oss eit nytt, ungt publikum, vi har bidratt til å auke arrangørkompetansen hos unge arrangørar, samt bidratt til å auke kulturtilbodet til ungdom i regionen. Ungdomane i UFLAKKS mottok Ungdomsprisen 2014 av Bergenhus og Årstad kulturkontor. Denne prisen blir delt ut til organisasjonar som gjennom frivillig arbeid utmerkar seg ved ein særlig innsats ovanfor barn og unge i sitt nærmiljø. Sidan oppstartsfasen seinhausten 2013 har UFLAKKS bestått av 8-15 ungdomar frå Bergen og omegn som har fått opplæring i konsertproduksjon; alt ifrå økonomistyring, booking, utforming av grafisk materiale, rekruttering av frivillige, scene, lys- og lydteknikk, utforming av grafisk materiale, promotering- og marknadsføring, samt avvikling av sjølv arrangementet. Ungdomane fekk sjølv bestemme navnet på konsertserien og dei har sjølv ansvar for å administrere kommunikasjonsmidlar som Facebook og Instagram. UFLAKKS gjev ungdomane moglegheiten til å få teoretisk, praktisk kunnskap- og kompetanse innan arrangørfeltet. Dette arbeidet har tilføyd organisasjonen stor verdi med tanke på utvida drift og vår kulturelle målsetjing. Vidare har vi fått ein ny arena der vi møtar ungdomar i direkte samhandling og samarbeid.

AKKS Bergen er inne i ei spennande tid og vi har visjonar om å utvikle organisasjonen i form av nye samarbeid og auka aktivitetsnivå. AKKS Bergen samarbeidar allereie godt med mange ulike aktørar. Vi er ein organisasjon i utvikling, og må heile tida halde oss oppdatert innan kulturfeltet, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Som produsent for UKM-festivalen vil AKKS Bergen ikkje berre tilføye arrangementet kompetanse og kunnskap, men også få ein unik moglegheit til å utvikle organisasjonen, utvide nettverket, halde oss oppdatert på ung kultur og tilegne administrasjonen og styret ny kunnskap og kompetanse i eit gjensidig samarbeid med Hordaland Fylkeskommune.



## AKKS Bergen

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

### Innhold i oppdraget

---

Oppdraget som produsent for UKM-festivalen er eit stort ansvar. Det skal ikkje berre være eit arrangement, men det er også ein moglegheit til å utvikle kulturlivet i Hordaland og oppretthalde ein møteplass for ung kultur. Slike samarbeid på tvers kan bidra til enda meir vekst og gode vilkår for ung kultur. UKM og UKM-festivalen bidrar til å stimulere og synleggjere ungdomens kulturelle aktivitet lokalt og regionalt. På samme måte arbeidar AKKS Bergen for å rekruttere og tilrettelegge for kulturaktivitet i Bergen, men også nasjonalt som ein del av ein landsomfattande organisasjon. Samtidig kan det være positivt for UKM-festivalen å få bygge vidare på samarbeidet frå UKM våren 2015 og med det få kontinuitet i samarbeidet med ein ny aktør.

Vidare kjem ei kort skildring til gjennomføringsplan med utgangspunkt i pkt 2.1.4 i henhold til førespurnad. Ein fullstendig gjennomføringsplan er naturleg nok mykje meir omfattande. Denne skildringa beskriv AKKS Bergen sine tankar omkring planlegging og gjennomføring av UKM-festivalen på eit overordna plan. Førespurnaden inneheld ei rekke punkt som beskriv innhaldet i oppdraget. Desse arbeidsoppgåvene er gjenkjennelige for AKKS Bergen og sjølvsegte element i forbindelse med å planlegge og gjennomføre eit arrangement. Det vil være ei målsetning å arbeide for at UKM-festivalen opprettheld eit godt omdømme og blir ansett som "kult" blant ungdomar. Dette innebær blant anna eit fokus på ein god promotering- og marknadsføringsstrategi for kommunikasjon utad. Vi vil være ein produsent som vil planlegge og gjennomføre arrangementet med utgangspunkt i at UKM-festivalen er den viktigaste møteplassen for ung kultur.

#### **Planlegge og gjennomføre UKM-festivalen i Hordaland som arrangement i 2016 og 2017**

Som overordna målsetting er det viktig å forankre samarbeidet med alle involverte, så tidleg som mogleg. Det er essensielt å avklare dei ulike rollene, ansvarsområde og forventningar. Det bør så tidleg som mogleg tas kontakt med aktuell venue, samt lokale for overnatting og sosial aktivitet, samt leverandørar av mat og drikke. Har ein desse rammene på plass tidleg i prosessen vil det gje gode forutsetningar for detaljarbeidet som kjem. I tillegg vil det være hensiktmessig å kartlegge behovet for frivillige og mobilisere desse tidleg i prosessen. Med utgangspunkt i vårt samarbeid våren 2015 vil vi bruke evalueringa og tilbakemeldingane frå deltakarar, kommunekontaktar og frivillige til å lage enda bedre forutsetningar for eit vellykka arrangement.

God kommunikasjonsflyt og oppdateringar undervegs er naudsynt. Kontinuerlig kommunikasjon med hovedkontakten i Hordaland Fylkeskommune er derfor ei forutsetning. Som produsent for UKM-festivalen vil det være eit mål å alltid være i forkant av eventuelle problemstillingar. Dette krevar ei god planleggingsfase med ein detaljert plan, men som likevel må gje rom for fleksibilitet og uforutsette hendingar undervegs. Like viktig er det å sørge for ein god promotering- og marknadsføringsplan, samt inkludere og ivareta deltakarar, kommunekontaktene og frivillige på ein best mulig måte. Vidare er nøkkelen til suksess at arrangementet skapast gjennom medvirkning frå ungdomane, samt sikre ein god kommunikasjon med andre leverandørar knytt til lokale, overnatting, mat, lys- og lydteknikk, HMS og ikkje minst alle dei frivillige som skal arbeide under festivalen.





## **AKKS Bergen**

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

### **Organisere og tilpasse lokaler for alle kunstuttrykk og workshops**

Dei fysiske rammene omkring eit arrangement er svært viktig. Det vil gje ei god ramme for festivalen dersom ein inngår ein avtale med ein venue som er tilgjengelig og attraktiv både for deltakarar og publikum. Dette betyr eksempelvis mykje for korleis festivalen framstår utad. I valg av venue er eit kriterie at det er god nok plass, samt at det finnast rom som er egna for å tilpassast til ulike kunstuttrykk og workshops. Når programmet er endelig vil det være hensiktsmessig å gå i dialog med deltakarane som skal stille ut og dei som skal være instruktørar for ulike workshops. Det vil være eit mål å sørge for at lokala kjem dei ulike aktivitetane tilgode og som kan utnyttast på best mulig måte for alle involverte. Gode fysiske og materielle rammer skapar god aktivitet.

### **Sørge for lokaler til sosial aktivitet, overnatting , matservering og arrangement**

Eit arrangement som UKM-festivalen handlar ikkje berre om kunst- og kultur. Det er like fullt eit viktig sosialt knutepunkt for mange ungdomar. For mange kan dette være årets høgdepunkt – og som produsent vil dette være eit mål for oss. Dette krev at det leggst til rette for sosial aktivitet, at alle som ønske det har ein trygg stad å overnatte, at det er god matservering og at arrangementet i sin heilhet framstår som gjennomtenkt og godt planlagt. Som nevnt vil det være positivt at ein arrangerar på ein venue som er sentral i byen. Det vil også være ein stor fordel at det ikkje er lang reiseveg frå overnattingsstaden til lokale for arrangementet. Overnattingsstaden er nok der mykje av den sosiale aktiviteten utanom sjølve festivalen vil foregå. Det er derfor viktig at lokale kan fungere som møteplass for sosial aktivitet. I forbindelse med matservering vil det være ønskeleg og mest praktisk at dette foregår i samme bygg som arrangementet.

### **Førebu innkjøp og organisering av matservering**

Eit arrangement som UKM-festivalen krev at innkjøp og organisering av matservering er god lagt til rette for. Ein bør tidleg i planleggingsfasa ta kontakt med ulike leverandørar og få tilbod om kva dei ulike kan levere innanfor dei økonomiske rammens om er satt i budsjettet. Det må tas hensyn til ulike behov, som allergiar og vegetarmat, og planlegge innkjøp i henhold til antall deltakarar, ansatte og frivillige. Det kan i tillegg være lurt å sette opp "stasjonar" der ein kan forsyne seg med eksempelvis vatn og kaffe utanom fastsatte måltid. Det vil være naudsynt med god informasjon til deltakarar og foresatte, samt merking av lokale. Eit mål vil være å sørge for ein god flyt der alle veit kva som skal skje til dei ulike tidene.

### **Administrere multimedieproduksjon av arrangementet**

Ein god multimedieproduksjon er svært positivt for eit arrangement som UKM-festivalen. I tillegg er det verdifullt for ungdomane å få arbeide med. Nettredaksjonen har eit stort potensiale og det er viktig at dette administrerast på ein god og produktiv måte. God koordinering av redaksjonen vil gje eit større utbytte for festivalen. Det vil være eit mål at nettredaksjonen kan arbeide sjølvstendig under festivalen, men at dei har ein kontaktperson som utarbeidar eit godt system med rulleringsplanar og konkrete arbeidsoppgåver undervegs. Det vil i tillegg være sentralt å sørge for ei tydeleg ansvarsfordeling.



## **AKKS Bergen**

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

### **Tilrettelegge sosial aktivitet for deltakarane**

Det vil være viktig å tilrettelegge for aktivitet for deltakarane både under og utanom sjølve arrangementet. Noko kan være organisert, men det er vel så viktig at det også er rom for uorganisert sosial aktivitet. Ungdommens Ressursgruppe (URG) vil være sentrale samarbeidspartnarar i denne planlegginga.

### **Organisere deltakara og reiseleiarar**

UKM-festivalen er eit stort arrangement med mange deltakarar og tilreisande. For å få eit vellykka arrangement vil tidlig kontakt og tydelig kommunikasjon med kommunekontaktene og reiseleiarane være svært viktig. Det vil være naudsynt å avklare kva ansvarsområde dei ulike har og kva forventningar ein har til dei ulike ansvarsområda.

### **Tryggleik og vakhold under UKM-festivalen**

Tryggleik for deltakarane og dei som arbeidar under festivalen er første prioritert. Det vil være nødvendig å gå i dialog med aktuell venue med tanke på helse, miljø- og sikkerhetssystem som allereie finnast. Det vil mest sannsynlig være behov for å leige inn vakhold utanfrå. Synlige vakter er positivt for eit stort arrangement som UKM-festivalen og deltakarar og foresatte skal føle seg godt ivaretatt. Tilstrekkelig med vakhold og god informasjon i forkant til alle i ansvarsposisjonar er derfor ei forutsetning.

### **Oppdatere nettportalar**

Vår største plattform for kommunikasjon utad er internett. Det er derfor svært viktig at alle nettportalar blir kontinuerlig oppdatert. Dette gjeld også sosiale media som Facebook og Instagram. Nettportalar er eit godt og effektivt verktøy, men det krevar at ein brukar det på riktig måte og at dei ulike portalane haldast "i live". I eit samarbeid vil det være viktig å avklare i forkant kva profil ein har og på kva måte ein vil framstå.

### **Delta på kommunekontakt møter**

Kommunekontaktane er sentrale i arbeidet med å avvikle arrangementet på ein tilfredstillande måte. Det er derfor viktig med konstruktive møter der ein gjennomgår dei ulike ansvarsområda og også stiller krav til kommunekontaktene sine arbeidsoppgåver. God kommunikasjon med kommunekontaktene vil kunne forhindre misforståelsar under sjølve avviklinga. Vidare er det eksempelvis naudsynt å finne ei god løysing i forbindelse med avlevering av deltakarband og anna informasjon til deltakarar og foresatte.

### **Delta på landsfestivalen som leiar for Hordaland sine deltakarar**

Som produsent vil vi sjølvsgt delta på landsfestivalen som leiar for Hordaland sine deltakarar i samarbeid med Fylkeskommunen.

### **Samarbeide med og involvere UA og URG**

Kjerna i UKM er ungdom og medvirkning. Unge Arrangørar og Ungdommens Ressursgruppe er derfor ei viktig gruppe ungdomar som er sjølvsgte samarbeidspartnarar! Det vil være eit mål å sikre at alle arbeidsområder i produksjonen blir dekkja på ein god måte og at alle ungdomane opplev å få meningsfulle oppgåver. Det vil derfor være viktig med god dialog i forkant, gjerne med bestemte arbeid- og ansvarsoppgåver. Som produsent ønsker vi å gje dei tillit til det ansvaret dei får.





## AKKS Bergen

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

### Rapportere og evaluere årlig til HFK

Rapportering og evaluering er nøkkelen til forbedring og kvalitetsikring. Det vil derfor være sjølvsgagt at produsenten for UKM-festivalen gjer dette i henhold til avtale og fristar.

### Kontinuerlig dialog med HFK

Eit samarbeid fungerer optimalt dersom ein kommuniserar godt og er inneforstått med kva samarbeidet innebær. Ein jevnlig dialog med Fylkeskommunen er sjølvsgagt. Det bør være låg terskel for kommunikasjon, også utanom fastsatte møtepunkt, og det vil være viktig for AKKS Bergen og kontinuerlig "sparre" med representanten frå HFK. Ei forutsetning er at alle er inneforstått med kva betydning dei enkelte rollene har i arbeidet med å planlegge og gjennomføre festivalen.

### Ressursar, kompetanse og erfaring i AKKS Bergen

---

AKKS Bergen har ein forholdsvis liten administrasjon på 2,6 årsverk. Vi har imidlertid gode alternativ for korleis vi skal frigjere ressursar på best mulig måte slik at det ikkje er dei administrative ressursane som begrensar moglegheiten til å iverksette ulike tiltak og prosjekt. Å være produsent for UKM-festivalen vil ikkje gå ut over AKKS Bergen si ordinære drift, men heller bli eit verdifullt tilskot til organisasjonen sitt virke.

Administrasjonen inkluderar daglig leder, kurs- og øvingslokaleansvarlig, arrangementsansvarlig og festivalsjef for Eggstockfestivalen. I tillegg har vi eit styre som per i dag rommar 9 personar. Forutan om styrearbeid og arbeidsgjevaransvar arbeidar styret på våre arrangement og bistår administrasjonen ved behov. Vi har derfor eit aktivt styre som bidrar på ulike måtar i vår daglige drift. Som teknisk arrangør for UKM-fylkesfinale i 2015 var det daglig leder som tok av seg det aller meste frå AKKS Bergen si side. Når det kom til sjølve arrangementet var det styremedlemmer og andre frivillige som stilte opp i tillegg til dei ansatte. Dette fungerte godt og er ei løysing det kan være aktuelt å gå for også ved eit fortsatt samarbeid. Det er imidlertid eit ønske om å auke stillinga til arrangementsansvarlig og knytte denne opp mot UKM. Det vil derfor være ein moglegheit for oss å bruke delar av honoraret frå Fylkeskommunen til å opprette ei prosjektstilling knytt til festivalen. Daglig leder vil også være involvert i arbeidet og samarbeide tett med Fylkeskommunen og eigen administrasjon. Under sjølve arrangementsavviklinga vil vi bruke øvrige ressursar og kompetanse innad i administrasjonen og ikkje minst blant styret vårt og ungdomane som er tilknytta oss.

Administrasjonen og styret i AKKS Bergen har ressursar som tilsaman utgjør mykje kunnskap om det organiserte frivillige kultur- og arrangementfeltet. Vi har tilsaman lang erfaring og kompetanse innan kultur- og arrangementbransjen, i tillegg til at vi har eit bredt nettverk innan kulturlivet i Bergen og omegn. Administrasjonen består av kulturarbeidarar som har lang erfaring frå blant anna studentkultur, arrangørvirksomhet, booking- og turnévirksomhet, administrativ erfaring, teknisk kompetanse innan lyd, lys, scene- og anna teknisk utstyr, samt utdanning innan pedagogikk, kulturvitenskap, idéutvikling- og entreprenørskap. Vidare har alle i administrasjonen lang fartstid innan frivillig arbeid i kultursektoren i Bergen. AKKS Bergen sitt styre består av personar som er tilknytta kulturlivet i Bergen på ulike måtar. Med





## AKKS Bergen

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

bakgrunn frå blant anna Det Akademiske Kvarter (Studentkulturhuset i Bergen), Bergen Filmklubb, Klangkollektivet, BRAK, UFLAKKS, Eggstockfestivalen, Kulturstyret og Hulen har vi eit sammensatt styre med høg kompetanse og brei kunnskap innan arrangement og ung kultur. Samla sett har vi ei unik innsikt i- og kjennskap til kva som krevast for å planlegge, tilrettelegge og gjennomføre store arrangement som UKM-festivalen.

I arrangørgruppa UFLAKKS har vi mellom 10-15 ungdomar som aktivt driv konsertserien. I tillegg har vi ei frivillig gruppe beståande av 35 ungdomar som er tilknytta Eggstockfestivalen. Gjennom mange års erfaring, særlig knytt til Eggstockfestivalen og UFLAKKS i seinare tid, har AKKS Bergen ei unik kompetanse knytt til arrangørfeltet, samt rekruttering og synleggjering av unge som har ei interesse for kultur. Saman med ungdomane bidrar vi til å styrke arrangørkompetansen i Hordaland. Vi har også lang fartstid som ein aktør som knytter amatørkulturen saman med det profesjonelle kulturfeltet.

Det er av stor betydning for organisasjonen at Hordaland Fylkeskommune har det overordna økonomiske ansvaret for UKM. Dette gjer det mogleg for oss å være involvert i ei så stor satsing. Det er viktig for oss at vi klarar å opprettholde ei bærekraftig drift samstundes som ein kan involvere seg i større prosjekt som UKM utan at det går på bekostning av økonomiske ressursar.

### Ringverknader for AKKS Bergen

---

I likheit med Hordaland Fylkeskommune meiner vi at kultur har ein heilt klar eigenverdi. Kultur er ei grunnleggjande utviklingskraft i samfunnet og vi er stadig opptatt av å kvalitetssikre- og utvikle arbeidet vårt. Eit arrangement som UKM og UKM-festivalen er eit viktig satsingsområde for akkurat dette. Ved å involvere ein organisasjon som AKKS Bergen i rolla som produsent visar Fylkeskommunen at dei verdsett- og ser verdien av mindre kulturorganisasjonar. For AKKS Bergen betyr dette ein sjanse til å aktivt bidra til ung kultur i Hordaland på ein ny måte.

Vårt kontinuerlige mål er å styrke AKKS Bergen sin relevans og vi må stadig ta grep for å befeste vår posisjon. Dei siste åra har organisasjonen hatt ein visjon om å involvere oss i prosjekt forutan om kjernedrifta nettopp for å sikre ei god utvikling av organisasjonen. Som produsent for UKM-festivalen vil AKKS Bergen i større grad bli relevant for unge kulturinteresserte. Eit mål for oss har alltid vore å være ein synlig, relevant og attraktiv aktør for ungdomar, noko vi strekk oss etter dagleg. Som ein aktør innan det organiserte frivillige kulturfeltet vil dette arbeidet dermed kome vår eigen aktivitet og kulturelle målsetjing til gode. AKKS Bergen sitt formål er å arbeide for balanse i alle ledd av musikkbransjen og rekruttere, motivere og synleggjere unge i alle ledd av musikkbransjen, både lokalt og nasjonalt. I handlingsplanen står det at AKKS Bergen har som hovedmålsetning å synleggjere og styrke vår posisjon som ein profesjonell og utadretta organisasjon som arbeidar for å forenkle unge sin vei inn i musikk- og kulturlivet. Å arbeide som produsent for UKM-festivalen vil gje oss ein unik sjanse til å synleggjere vårt tilbod for målgruppa vår.

Målgruppa til UKM fell naturleg inn i samme målgruppe som AKKS Bergen rettar seg mot. Også gjennom våre arenaer skal vår aktivitet kome ungdomen tilgode. Som ein ledande



## AKKS Bergen

Org. nr: 977 530 938 Kontonr: 1503 06 71500

Nett: [www.akks.no](http://www.akks.no) E-post: [bergen@akks.no](mailto:bergen@akks.no)

Postadresse & besøksadresse: Georgernes Verft 12, 5011 Bergen

aktør innan opplæring, i både det utøvande feltet og arrangørfeltet, skal vi være ein arena for inspirasjon, motivasjon, personlig læring og utvikling . Fordelane med å inkludere ein lokal aktør som AKKS Bergen er blant anna den erfaringa vi har knytta til å involvere og motivere unge til å utøve og arbeide med kultur. Vi er ein tilretteleggar med fokus på å etablere arenaer for unge der dei sjølv kan være med å påvirke. AKKS Bergen har ein høg aktivitetsfrekvens og ein særegen kompetanse innan arrangør- og ungdomsfeltet. På lik linje med UKM ønske vi å skape møteplassar for ung kultur. Det er dette vi brenn for; å tilretteleggje for at ungdom kan lære, utøve og arrangere innan musikk- og kulturfeltet.

Vi har dei siste 3 åra jobba særleg med å bygge opp vår eigen merkevare og omdømme. Eit arrangement som UKM-festivalen vil kunne tillegge AKKS Bergen verdi i form av økt deltakelse, ny relevans og merksemd gjennom samarbeid med Hordaland Fylkeskommune. UKM-festivalen vil være eit tilskot som kan bidra til å styrke vår kjernevirksomhet gjennom mangfold, medvirkning og nyskaping. Ved å styrke vårt eige omdømme vil vi i større grad kunne arbeide for balanse og rekruttering av unge til musikkbransjen. Eit samarbeid med Hordaland Fylkeskommune vil derfor være svært verdifullt for arbeidet vårt. UKM er ei viktig satsing innanfor kulturfeltet og inneheld alle faktorar som AKKS Bergen arbeidar med til dagleg; kultur, ungdom og arrangement. For AKKS Bergen vil dette bety moglegheiten til å rekruttere fleire unge til musikklivet og gjere oss synleg på ein ny måte.

AKKS Bergen vil bidra til å skape ein festival innanfor ei profesjonell og trygg ramme. Med AKKS Bergen som produsent vil Hordaland Fylkeskommune få ein gjennomtenkt, godt planlagt og godt gjennomført festival. Vi er ein synlig aktør i byen og arbeidar stadig med å utvikle oss, vår eigen relevans og posisjon. Eit samarbeid med Hordaland Fylkeskommune og UKM-festivalen vil føre til positive ringverknadar for AKKS Bergen sitt virke og formål. Samarbeidet vil leggje eit grunnlag for ei vidare utvikling av organisasjonen og vårt arbeid med og for ungdom. Med AKKS Bergen som produsent vil Hordaland Fylkeskommune få ein samarbeidspartnar som er aktiv i arrangørfeltet, som har kompetanse og kunnskap om målgruppa og arrangementsavvikling og som er aktiv tilstades i byen. AKKS Bergen vil være ein produsent med fokus på ungdomen si medvirkning og viktigaste bidragsytar for festivalen - med målet om å skape ein av dei viktigaste arrangementa for ung kultur.

Ser fram til å høyre frå dykk!

Med vennleg helsing

**Line Yvonne Eidheim**

Daglig leder AKKS Bergen

Georgernes Verft 12

5011 Bergen

AKKS BERGEN  
GEORGERNES VERFT 12  
5011 BERGEN